



Manger Fiskeindustri AS
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/384 - 14/1740

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:
19.02.2014

Oppmålingssak Gnr 44 bnr 8 - Manger - nye matrikkeleiningar. Tinglysing av rettar.

Syner til vedlagte brev frå Kartverket datert 17.02.2014.

Ved ein gjennomgang av erklæringane som er leverte inn og sendt til tinglysing og til brevet frå Kartverket, vil me rå til at ein søker juridisk kompetanse for å utforma erklæringane på ein klar måte. Det bør gjerast ein jobb med å få klarlagt kva som er tinglyst av rettar for bnr.7 og bnr.17 samt bnr.8 sine rettar over bnr.14, kailaget. Å få utforma erklæringar som fanga opp alt av rettar og plikter som eksisterer og oppstår ved oppretting av dei nye grunneigedomane er viktig med tanke på rettsvern ovanfor kjøparar av eigedomane.

Mellom anna må følgjande klargjerast:

- Vegrett over bnr.14, Kailaget.
- Vegrett og parkering for bnr.7. ?
- Rett heimelshavar til bnr.8 og bnr.77. ?
- Nye rettar for bnr.77 og bnr.78 samt rettar for bnr.8 må skrivast på ein ryddigare måte.

Skulle det vera nokon spørsmål er det berre å ta kóntakt med underteikna.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oppmålingssak Gnr 44 bnr 8 - Manger - dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast
Sak i retur



Mottakere:
Manger Fiskeindustri AS

5936

MANGER

RADØY KOMMUNE
RADØYVEGEN 1690
5936 MANGER



Kartverket

Dykkar ref.:

Vår ref.: H.FOSSEN

Dato:

Sak/dok.: 7646027/

17.02.2014

Dokumenta har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 44 bnr. 8, 14, 17, 77 og 78 i 1260 Radøy kommune

Vi har vurdert melding til tinglysing - opprett ny grunneigedom, erklæring om rett i fast eigedom og erklæring om rettar og pliktar de har sendt inn for tinglysing. Dokumenta har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

Erklæringa om rett i fast eigedom

1) Dokumentet er uklart for oss, vi er derfor usikre på korleis vi skal registrere det i grunnboka. Retten går ut på at gnr. 44 bnr. 17 skal ha tilkomst- og parkeringsplass. Etter det vi kan sjå må tilkomsten gå over gnr. 44 bnr. 14, 77, 8 og 78, visst dette er riktig må det kome klart fram i erklæringa kven eigedom retten skal hefte på og kven eigedom som får retten med gnr. og bnr. Jf. tinglysingslova § 8 og tinglysingsforskriften § 4. Det er ikkje tidligere tinglyst tilkomst og parkeringsrett spesielt for bnr. 17.

Erklæring om rettar og pliktar for gnr. 44 bnr. 77 og gnr. 44 bnr. 78 som frådelte eigedomer frå gnr. 44 bnr. 8 i Radøy kommune

2) Dette dokumentet blir også uklart for oss, vi er derfor usikre på korleis vi skal registrere det i grunnboka. Det må kome klart fram med gnr. og bnr. kva for eigedom retten skal hefte på og kva slags rett de ynskjer tinglyst.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

■ www.kartverket.no

Statens kartverk Tinglysing, Tinglysing – fast eigedom
Besøksadresse: Kartverksveien 21 Honefoss, Postadresse: 3507 Honefoss
Telefon: 08700 Telefax: 32 11 88 01
E-post: tinglysing@kartverket.no Organisasjonsnummer: 971 040 238

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 81 09.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Heidi Fossen', written in a cursive style.

Heidi Fossen
saksbehandlar